

# Lesson study som metode for forskningspraksis i lærarutdanninga. Rapport frå eit pilotprosjekt.

Av Marit Kulild, Hege Myklebust, Tone Baugstø og Geir Holme



© Marit Kulild, Hege Myklebust, Tone Baugstø og Geir Holme

FLKI

Høgskulen på Vestlandet

2024

HVL-rapport frå Høgskulen på Vestlandet nr. [nummer tildelt frå Biblioteket]

**ISSN 2535-8103**

**ISBN 978-82-8461-105-1**



Utgjeingar i serien vert publiserte under Creative Commons 4.0. og kan fritt distribuerast, remixast osv. så sant opphavspersonane vert krediterte etter opphavsrettslege reglar.  
<https://creativecommons.org/licenses/by/4.0/>

## Samandrag

Hausten 2023 gjennomførte HVL Stord og LU-skulen Rubbestadneset skule eit pilotprosjekt med alternativ gjennomføring av praksis for femteårsstudentane. Piloten gjekk ut på at studentane i staden for vanleg praksis gjekk gjennom ein Lesson study-syklus saman med praksislærarane sine. Seks studentar deltok i piloten, og to av studentane samla materialet for masteroppgåvene sine gjennom prosjektet.

Målet med denne rapporten er å gje innsyn i ein alternativ måte å organisera praksisen på i syklus 2 (dei to siste åra) i grunnskulelærerutdanninga. I piloten gjekk ein frå tradisjonell praksisorganisering til å fordela praksisdagane i tråd med fasane i Lesson study. I staden for tre samanhengande veker, strekte praksis seg over to månader, og inkluderte tre samlingar der både studentane, praksislærarane og faglærarane frå HVL deltok. Denne organiseringa gav rom for mellomarbeid for studentane – der dei kunne reflektera, bearbeida og førebu «forskingstimen». Denne rapporten oppsummerer erfaringane frå studentar, praksislærarar og faglærarar, og peikar framover mot moglege alternative organiseringar for praksis i syklus 2 av lærarutdanning.

EMNEORD: Lesson study, lærarutdanning, forskingspraksis, praksissamarbeid

# Innhald

Samandrag .....	3
Innhald .....	4
Innleiing .....	5
Lærarutdanningsskular.....	5
Forskningspraksis i syklus 2.....	6
Metoden Lesson study.....	8
Lesson study-modellen.....	8
Organisering og gjennomføring av piloten .....	10
Deltakarar i prosjektet .....	10
Erfaringar frå gjennomføringa av Lesson study som metode i praksis .....	12
Avsluttande merknader frå skulen .....	14
Litteratur.....	15
Vedlegg.....	17
Vedlegg 1: Søknad om ressurstildeling LS, 5. studieår.....	17
Vedlegg 2: Tidsplan for piloten.....	20

# Innleiing

## Lærarutdanningsskular

Hausten 2020 starta Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett ved Høgskulen på Vestlandet opp eit fireårig pilotprosjekt (2020-2024) som innebar eit utvida samarbeid med seks lærarutdanningsskular. Seinare vart også fire barnehagar kopla på prosjektet. Det grunnleggjande målet var å fremja og utvikla kvalitet i skulen og lærarutdanninga gjennom eit tett og likeverdig samarbeid mellom lærarutdanningsskular og HVL ([HVL-FLKI, 2019](#)). Prosjektet fekk namnet lærarutdanningsskule-prosjektet (LU-prosjektet).

[Lærerutdanning 2025](#) og fakultetet sin strategiplan (HVL-FLKI, 2018), har danna utgangspunkt for «Prosjektplan: Lærerutdanningsskoler og -barnehager ved Høgskulen på Vestlandet» der hensikta med prosjektet er konkretisert i 5 målsetjingar. Desse måla er:

1. Bidra til auka kapasitet og høg kvalitet i praksisopplæringa
2. Styrka relevans i forskings- og utviklingsarbeid
3. Bidra til kompetanseutvikling og kvalitetsutvikling i barnehage, skule og HVL
4. Bidra til å styrka lærarutdanninga gjennom auka integrasjon mellom profesjonsfag og praksis i utdanninga
5. Utvikla og prøva ut nye former for samarbeid mellom barnehage, skule og HVL

Eit tettare samarbeid om praksisgjennomføringa var ein naturleg stad å starta, og dette pilotprosjektet er utforma med tanke på å møta fleire av målsetjingane i LU-prosjektet, særleg punkt 2, 4 og 5.

## **Forskningspraksis i syklus 2**

Praksis er ein sentral del av lærarutdanninga, og i Kunnskapsløftet (overordna del punkt 3.5) er profesjonsfellesskap og skuleutvikling løfta fram: «Skolen skal vere ein profesjonsfagleg fellesskap der lærarar, leiarar og andre tilsette reflekterer over felles verdiar, og vurderer og vidareutviklar praksisen sin» (Kunnskapsdepartementet, 2017).

I emneplanane for praksis i lærarutdanninga ved HVL er det lagt vekt på at det skal vera ein progresjon som fører til at studentane gradvis byggjer opp sin profesjonskompetanse og FoU-kompetanse, og i dei to siste åra av studiet, som vert kalla syklus 2, tematiserer emneplanane for praksis skulen og læraren som forskande organisasjonar og personar. I emneplanen for praksis femte studieåret, står det:

«I femte studieår er hovedefokuset den forskande lærer. Studentene skal ha fokus på hvordan lærere bruker forsknings- og erfaringsbasert kunnskap i egen undervisning» (MGB/MGUPR501).

Denne praksisperioden vil frå komande studieår bli flytt til fjerde året, men fokuset vil vera det same.

Som LU-skule har Rubbestadneset skule forplikta seg til å arbeida for høg kvalitet i praksis. Etter praksisperioden for femteårsstudentane hausten 2022, konkluderte praksislærarane og leiinga ved skulen med at det var eit gap mellom læringsutbyteformuleringane i praksisplanane MGBPR501 og MGUPR501 og den undervisninga/opplæringa studentane hadde fått. Dette ønskte skulen å gjera noko med. I samarbeid med FOU-kontakten starta dei skisseringa av ein alternativ praksis. Det vart utarbeidd ei projektskisse, og våren 2023 søkte FOU-kontakt for Rubbestadneset støtte frå LU-skuleprosjektet på HVL (sjå projektskisse i vedlegg 1). Søknaden vart innvilga, og tildelinga på om lag 200 000 kr vart brukt til å kunna auka integrasjon mellom faglærarane frå HVL og praksisskulen. Ressurstildelinga til faglærarane vart styrt gjennom forskargruppa Oracy in teacher education (ORITE).

Måla for denne piloten var:

- Betre samsvar mellom måla i emneplanen og praksis for femteårsstudentane
- Betre progresjon i praksisdelen av utdanninga
- Studenten får kjennskap til og erfaringar med ein metode som er svært relevant i høve ny læreplan og punkt 3.5. i overordna del, *Profesjonsfelleskap og skoleutvikling* (Kunnskapsdepartementet, 2017).
- Studenten har mogelegheit for å samla inn informasjon/**materiale** som kan bli ein del av datagrunnlaget for arbeidet med masteroppgåva (dersom dei ønskjer det)
- Ein meir relevant praksis for ein masterstudent
- Eit godt lag rundt studentane
- Læring for alle

# Metoden Lesson study

Rubbestadneset skule har lang erfaring med å bruka Lesson study (LS) som metode for skuleutvikling – for meir om dette, sjå [Bedre skole nummer 1, 2013, s. 11-17](#). Metoden stammar frå Japan og går ut på at lærarar samarbeider over tid med planlegging og utvikling av kvalitet i undervisninga. Metoden byggjer på eit sosiokulturelt læringsssyn (Munthe et. al, 2015). Lesson study er ei ordrett omsetjing frå det japanske ordet *jugyokenkyu*, der *jugyo* betyr leksjon og *kenkyu* betyr studiar eller forskning (Olsen & Wølner, 2017, s. 25). I den japanske tradisjonen er LS ein prosess der lærarane møter kvarandre jamleg over fleire månader for å planleggja felles aksjonslæring og forskning gjennom fleire fasar.

Gjennom Lesson study vert det forska på læringa til både elevane og læraren. Eit grunnleggjande prinsipp er å identifisera område der teori og praksis ikkje samsvarar. Det kan vera naturleg å velja område som er krevjande fagleg eller område der det er vanskeleg å motivera elevane. Når det didaktiske fokuset og målsetjingane er klargjort, planlegg ein ei undervisningsøkt med utgangspunkt i eit forskingsspørsmål. I planleggingsfasen vektlegg ein å sjå føre seg (predikera) kva som vil henda i sjølve undervisningssituasjonen. I denne fasen er det viktig å anerkjenna, inspirera og utforda kvarandre i gruppa. Eit viktig aspekt her er å henta inn aktuelt fagstoff og sjå til forskning på det aktuelle fagområdet.

Neste steg er å gjennomføra «forskingstimen», og samla inn data. Det betyr at alle som har vore med i planleggingsfasen har ulike observasjonsoppgåver. Observasjonsoppgåvene er nøye planlagt på førehand for å få eit godt utgangspunkt for analysen av timen. I etterkant bruker ein god tid på å vurdere undervisningsøkta gjennom å skildra, analysere og konkludere. Den siste fasen går ut på å dela erfaringar og funn (Olsen & Wølner, 2017, s. 33).

## Lesson study-modellen





Figur 1: Lesson study-syklus. Munthe et al. (2013, s. 12).

# Organisering og gjennomføring av piloten

I organiseringa er heilskap og samanheng mellom praksisfeltet, studentar og faglærarar ivareteke. Praksisperioden i som til no har lege på hausten femte studieåret er på 15 dagar. I piloten vart dei 15 dagane ikkje gjennomførde som ein samanhengande periode, men organiserte slik at det skulle vera rom for å gjennomføra ein LS-syklus med dei fire fasane; planlegging, gjennomføring, evaluering og deling. Organiseringa og den planlagde gjennomføringa låg tett opp til det Fagleg råd for lærarutdanning 2025 tilrår: - å styrkje profesjonsrettinga og forskingsbaseringa i studentane sitt arbeid med oppgåver gjennom meir systematisk samarbeid mellom lærarutdanningsinstitusjonane og praksisfeltet (Fagleg råd for lærarutdanning 2025 (2022, s. 5 og s. 35). Piloten starta opp i august og vart slutført i veke 40 hausten 2023. To av studentane samla inn forskingsdata frå LS-syklusen til masteroppgåvene sine.

Prosjektet vart meldt til [Sikt](#) for forskning på alle nivå av prosjektet, og både studentar, praksislærarar, faglærarar frå HVL og foreldra til elevane som vart involverte signerte informerte samtykke til at data vart samla inn frå gjennomføringa av prosjektet. Data som vart samla inn var videofilmar av alle planleggingsøktene i tillegg til forskingstimane og refleksjonsøktene i etterkant, planleggingsdokument og refleksjonsnotat, fotografi av elevprodukta og evalueringsskjema og intervju av elevane. I ettertid er det også samla inn evalueringsskjema frå alle deltakarane. Ikkje alle dataa vert analyserte i denne rapporten, men det er planlagt fagartiklar og ein forskingsartikkel som studerer og analyserer prosessen i meir detalj. Resultata i denne rapporten er baserte på erfaringane som er samla inn frå deltakarane gjennom evalueringsskjema, evalueringsskjema og refleksjonsnotat.

## Deltakarar i prosjektet

Seks masterstudentar frå GLU 1-7 og GLU 5-10 melde seg frivillig til å delta i prosjektet og vart fordelt på to praksisgrupper. Rubbestadneset skule la til rette for at det var to praksislærarar med som rettleiarar i kvar av praksisgruppene. Frå HVL deltok ein faglærar frå kvart av dei fire masterfaga i prosjektet, to i kvar

praksisgruppe. Kvar gruppe var dermed sett saman av tre studentar, to praksislærarar og to faglærarar frå HVL.

Kvar gruppe samarbeidde om og førebudde ei undervisningsøkt ('forskingstimen') med Lesson study som metode. Den eine gruppa gjennomførte økta i matematikkfaget, den andre i kunst og handverk-faget. I etterkant studerte og analyserte deltakarane forskingstimen i fellesskap. Dette bidrog til at studentane i prosjektet fekk inngåande innsikt i korleis dei røynde lærarane tenkjer, dei fekk høve til å drøfta sine eigne tankar om undervisning med forskarar og lærarar i faget, og eit analytisk blikk på utøvinga av yrket dei snart skal ut i.

Metoden inneber også at gruppene deler erfaringane og analysane sine med resten av kollegiet som siste fase av syklusen. I dette prosjektet var også representantar frå kommunen og HVL inviterte til å delta i delingsøkta, som vart gjennomført på skulen nokre dagar etter at forskingstimen var gjennomført. Studentane presenterte erfaringane sine gruppevis, og etterpå vart det opna for spørsmål frå salen. Rett etter delingsøkta fylte deltakarane ut eit evalueringsskjema, og dei viktigaste erfaringane frå deltakarane er oppsummerte under.

# **Erfaringar frå gjennomføringa av Lesson study som metode i praksis**

Både studentane, praksislærarane og faglærarane var samde om at denne gjennomføringa støtta opp under eitt av hovudmåla med prosjektet, nemleg at det vart betre samsvar mellom måla i emneplanen og gjennomføringa av praksis i syklus 2. Dei opplevde også at det var betre progresjon i praksisdelen av utdanninga, og at studentane kan ha nytte av denne erfaringa i arbeidet sitt framover:

Den største fordelen med denne type praksis er at ein får ein god moglegheit til å jobbe som ein forskande lærar. Dette er noko som ein vanlegvis ikkje får moglegheit til i ein normal praksisperiode. Konkret er denne praksisperioden retta mot emneplanen for femte året. Særskilt positivt er opplevinga av å vere med på å utarbeide observasjonsrapportar, intervju samt utføre dei (Student 1).

Eitt av måla med piloten var at det skulle føra til læring for alle, og innspela frå faglærarane tydar på det har lukkast:

Derfor var det interessant for meg å få et innblikk i hvordan de tenker rundt LS og samtidig få en erfaring med hvordan dette kan gjøres med studenter. Når jeg som campuslærer fikk tid og mulighet til å delta på PILOTen, så opplevde jeg at dette var det en vinn-vinn-situasjon (Faglærer 1).

Eg vil anbefale studentane å gjennomføre GLU praksisen på denne måten fordi ein får være del av mange faglige diskusjonar samtidig som ein får erfaring med ein metode for å utvikle eigen praksis som er nyttig som framtidig lærar. Uansett om ein bruker det inn mot masteren eller ikkje (Faglærer 2).

Alle partar gir grønt lys for ein forskingsbasert praksis basert på LS knytt til praksis i syklus 2. «Det å få erfaring med å gjennomføre et kollegialt utviklingsprosjekt som setter undervisingen under lupa er svært nyttig,» skriv faglærer 1. Gruppestorleiken på tre studentar ser ut til å vera adekvat.

Ein mogleg veikskap med metoden, og potensiell ubalanse i gruppa var at berre to av studentane skulle samla data til masteroppgåvene sine, medan dei andre fire var deltakarar. Dette førte likevel ikkje til store problem, det rapporterer både

studentane og lærarane. Student 2 skriv: «Dei studentane som ikkje har hatt prosjektet som ein del av master har ikkje følt at det har vore problematisk. Dei har hatt eit godt utbytte av praksis uansett. Alle har bidratt godt og likt inn i arbeidet».

Det kom også nokre framlegg til forbetringar. Gjennomføringa var noko prega av at dette var eit pilotprosjekt, og at vegen vart til medan me gjekk: «Nokre av utfordringane som dukka opp igjennom praksisperioden er også utfordringar som kanskje er naturlege opp mot dette som eit pilotprosjekt. Særleg opp mot tidsaspektet» (Faglærer 2). Studentane sakna noko meir informasjon i forkant, og ikkje minst ei forventningsavklaring i starten av prosjektet. Dei ulike fasane i Lesson study-syklusen burde koma tydeleg fram i organiseringa av praksisen, slik at alle partar er klare over kva fase ein er i. Student 2 skriv: «Me etterlyser også litt meir informasjon om kva som er forventa, samt informasjon om gjennomføring».

Studentane opplevde at det vart noko dobbeltarbeid i og med at dei skreiv evalueringsskjema både for pilotprosjektet og for praksisgjennomføringa. Det kjem fram at studentane hadde ulike forventningar om deltaking i piloten, men trass i at det har vore mange og lange diskusjonar undervegs, var alle nøgde med deltakinga og meinte dei hadde hatt utbyte av det.

På spørsmål om ein vil tilrå vidareføring av LS som metode i praksis i syklus 2 i framtida, svarar praksislærer 1:

Ja! Sjølv om me opplevde ein del startvanskar, sit me likevel att med eit resultat me kan vere nøgd med, og stolte av. Dette er ein heilt ny måte å ha praksis på. Studentane opplever noko nytt, og forhåpentlegvis lærerikt. Dei får innblikk i utviklingsarbeidet som blir gjort på ein skule, samt delta i prosessar som ein ikkje ville vore ein del av i ein ordinær praksis. Dei får i tillegg prøvd ut forskarrolla, både i form av å vere observatørar, utarbeida, gjennomføra og analysa intervju, tolka datamateriale/empiri, samt diskutera med praksislærarar som har vore i yrket over lang tid (Praksislærer 1).

## **Avsluttande merknader frå skulen**

Eit samarbeid mellom praksisskule/LU-skule og HVL om dette prosjektet meiner me viser at både innhald og progresjon i studentane si læring kan vera meir enn «tradisjonell praksis». Me ser det som naudsynt for at ein skal nå dei måla som er sett for studentane. Å få det til i eit samarbeid som gjev «læring for alle» er eit godt utgangspunkt for vidare satsing.

Me gjekk inn i piloten som likeverdige partnarar med ei kjensle av at alle partar (studentar, FOU-kontakt, campuslærarar, praksislærarar og skuleleiing) hadde noko å bidra med og noko å læra av kvarandre. Eitt av måla for piloten var læring for alle. Det trur me er avgjerande for eit berekraftig samarbeid og for at denne praksisforma også skal kunna vera eit tilbod til studentar i framtida.

Etter å ha testa ut piloten, er det kjekt å registrera at studentane stort sett er svært nøgde med praksisen. Dei opplever at dei får utforska nye sider ved lærarrolla der den forskande læraren står i fokus. Dei får eit innblikk i korleis eit profesjonelt læringsfellesskap kan fungera. Deira bidrag blir lytta til og anerkjent, brukt og vurdert i undervisninga på lik linje med praksislærarane og faglærarane sine innspel. I tillegg får dei testa ut ein metode som mogeleggjjer dette. Også dei studentane som ikkje brukte materiale frå LS-syklusen som datamateriale i masteroppgåva si meiner at dei har stort utbytte av denne praksisen.

I eit vidare samarbeid mellom lærarutdanningsskulen, HVL og studentar vonar me at Lesson study-praksis på GLU4/GLU5 vil vera eit tilbod Rubbestadneset skule kan gje studentane. Eit godt gjennomarbeidd prosjekt som dette gjev oss god retning for kva som må til for at me skal lykkast vidare framover. Dei ulike partane sine evalueringar og refleksjonar i etterkant er viktige for vidare arbeid og noko me vil ta med oss for å utvikla praksis vidare.

# Litteratur

Høgskulen på Vestlandet. (2022, 25. november). Emneplan for praksis 5.

studieår. <https://www.hvl.no/studier/studieprogram/emne/41/mgbpr501>

Kunnskapsdepartementet. (2017). Overordnet del – verdier og prinsipper for grunnopplæringen. Fastsatt som forskrift ved kongelig resolusjon.

Læreplanverket for Kunnskapsløftet

2020. <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/verdier-og-prinsipper-for-grunnopplaringen/id2570003/>

Munthe, E., Baugstø, T., & Haldorsen, A. K. (2013). Japanske takter i Bømlø kommune. *Bedre skole*, 1, 11-15.

Munthe, E., Søbstad, R., Helgevold, N., Bjuland, R. & Aslaksen, O. H.

(2015) *Lesson study: i utdanning og praksis*. Oslo: Cappelen Damm akademisk.

Olsen, K. R., & Wølner, T. A. (2017). *Lesson study og læreres læring*. Gyldendal akademisk.

Lenker brukt i rapporten:

Lærerutdanningsskoler - pilotprosjekt. Sluttrapport fra følgeforskningsprosjekt

2020-2023. [HVL Rapport 4 2003 Jenssen Haara.pdf \(unit.no\)](#)

[Lærerutdanning 2025. Nasjonal strategi for kvalitet og samarbeid i lærerutdanningene \(regjeringen.no\)](#)

,





# Vedlegg

## Vedlegg 1: Søknad om ressurstildeling LS, 5. studieår

Pilot der praksisfeltet saman med studentar og faglærarar frå HVL nyttar Lesson Study som metode for arbeid med å nå måla i emneplan for praksis, GLU5.

### Bakgrunn

Praksisplan GLU5 har mellom anna følgjande mål:

*«Ha kunnskap om konkrete forsknings- og utviklingsarbeid i praksisskolen»*

*(Kunnskapar)*

*«Kan gjennomføre profesjonsrettete, praksisrelevante, selvstendige og avgrensede forskningsprosjekt i tråd med forskningsetiske normer» (Ferdigheter)*

*«Kan bidra aktivt i endringsprosesser og ta ansvar for samarbeid om faglig og pedagogisk nytenkning i skolen og involvere lokalt samfunns-, arbeids- og kulturliv i opplæringen.» (Generell kompetanse). ([Høgskulen på Vestlandet, u.å.](#))*

Erfaring og drøfting viser at i ein samanhengande 3 vekers praksis i ei elevgruppe gjer det vanskeleg å leggje til rette for at studenten kan oppnå desse måla.

Med det som bakgrunn vil me prøve ut ein pilot der ein nytta Lesson Study som metode for å leggje til rette for at studenten får moglegheit for målutbytte.

### Skisse til gjennomføring

Me ser for oss ein meir oppdelt praksis/punktpraksis over ein lengre periode, gjennomført i haustsemesteret for GLU5 studentane.

Studentar, ei gruppe praksislærarar og faglærer eller andre relevante fagpersonar frå HVL samarbeider om og førebur ei forskningsøkt med Lesson Study som metode/ verktøy.

### Studentførebuing

Grundning innføring i Lesson Study som metode. Ein observasjonsdag eller to der studentane får høve til å bli kjende med elevgruppa og intervju praksislærer/kontaktlærer i den klassen dei skal driva forskning i – studentutforsking (Munthe et al. (2015).

### **Gjennomføring av ein LS-syklus** (student, praksislærer, faglærer HVL)

Fleire kortare planleggingsøker

Planleggja forskartimen (forskarspørsmål, observasjonsplan m.m.).

Gjennomføring og evaluering av forskningstimen der heile laget rundt studenten (forskargruppa) er med. Gjennomføring vil skje i ein klasse på LU skulen.

Eventuelt reundervisning

Oppsummering – funn/kva har me lært? – konklusjon – Kan/Korleis kan funna brukast som datagrunnlag i masteroppgåva?

Presentasjon/deling. Er desse funna noko som skulen og lærarane kan nytta? Andre arenaer for deling?

Nærare skildring av Lesson Study som metode:

<https://utdanningsforskning.no/artikler/2013/japanske-takter-i-bomlo-kommune/>

### **Nokre føresetnader**

Studentane har valt emne til masteroppgåva før oppstart av 5. studieår (kanskje?)

Studentar og faglærer frå HVL har fått ei grundig innføring i metoden Lesson Study

Det er laga ein fullstendig plan for denne praksisen der aktuelle aktørar frå HVL og skule er med.

Studentane er kjende med denne «alternative praksisen». Dei kan gjera eit val.

Tidsplan, forventningar til arbeid mellom samarbeidsøktene, osv.

I piloten meiner me det er viktig at me har motiverte aktørar med for best mogleg gjennomføring og resultat. Utfordring er å gjere denne “alternative praksisen” attraktiv for studentane.

### **Rolleavklaring**

**Studenten:** Eig prosjektet og er den ansvarlege

**Praksislærer:** Rettleiar prosessen, deler erfaringskunnskap, peikar på fallgruver og seier noko om kor praksisrelevant emnet studenten har valt er.

**Faglærer HVL:** Rettleiar prosessen, hjelper studenten/forskargruppa med relevant faglitteratur og formidlar nyare forskning. Korleis knyta arbeidet i praksisperioden opp mot masteroppgåva?

### **Kva kan me oppnå?**

Betre samsvar mellom mål i emneplanen og praksis

Studenten får kjennskap til og erfaringar med ein metode som er svært relevant i høve ny læreplan og punkt 3.5 *Profesjonsfelleskap og skuleutvikling* (Kunnskapsdepartementet, 2017).

Har moglegheit for å samla inn informasjon/**materiale** som kan bli ein del av datagrunnlaget for arbeidet med masteroppgåva

Ein meir relevant praksis for ein masterstudent

Eit godt lag rundt studentane

Læring for alle

### **Litteraturliste**

Høgskulen på Vestlandet. (2022, 25. november). Emneplan for praksis 5. studieår. <https://www.hvl.no/studier/studieprogram/emne/41/mgbpr501>

Karlsen, A. M. F., & Ohna, S. E. (2021). Pupils' voices in teachers' collaborative professional learning in Lesson Study. *International Journal of Educational Research*, 110, 101877.

Kunnskapsdepartementet. (2017). Overordnet del – verdier og prinsipper for grunnopplæringen. Fastsatt som forskrift ved kongelig resolusjon. Læreplanverket for Kunnskapsløftet 2020. <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/verdier-og-prinsipper-for-grunnopplaringen/id2570003/>

Munthe, E., Søbstad, R., Helgevold, N., Bjuland, R. & Aslaksen, O. H. (2015) *Lesson study : i utdanning og praksis*. Oslo: Cappelen Damm akademisk.

## Vedlegg 2: Tidsplan for piloten

Tidsplan for pilot- Lesson Study				
Månad	Veke	Oppgåve	Aktørar	Tidsbruk =15 dagar
<b>August</b>				
Eiga innkalling Måndag 28. august	Veke 35	Oppstart Presentasjon skulen og Lesson study	Studentar, faglærerar, praksislærer, FOU-kontakt, Tone og Geir	1
<b>September</b>				
5., 6. og 12. - september  Matematikk: 5., 6. og 12. - september 08:00-15:00  Ku-ha/norsk: 5., 6. og 14. september	Veke 36 og 37.	Bli kjent med skulen. Observasjon I den aktuelle klassen	Studentar og praksislærerar	3
Måndag 18. September  Matematikk: Måndag 18. september  Frå klokka 12:00- 15:00  Ku-ha/norsk: onsdag 20. september	Veke 38	Økt 1 Start planlegging LS syklus	Studentar, faglærer og praksislærerar	1
Matematikk: tysdag 19. september  Kuha/norsk:		mellomøkt	Studentane arbeider sjølvstendig	1
25. September? Matematikk: Passer frå 12:00- 15:00 25. september  Kuha/norsk:	Veke 39	Økt 2 LS syklus	Studentar, faglærer og praksislærerar	1

25. September 1215-1500				
Matematikk: tysdag 26. september  Kuha: 2. oktober		mellomøkt	Studentane arbeider sjølvstendig	1
<b>Oktober</b>				
Matematikk: måndag 2. oktober  Kuha/norsk: 3. oktober 0830- 1315	Veke 40 Måndag eller tysdag	Observasjon	Studentar og praksislærer	1
Matematikk: tysdag 3. oktober 08:00-12:00  Kuha/norsk:		mellomøkt	Studentane arbeider sjølvstendig	1
Matematikk: tysdag 3. oktober 12:00-15:00  Kuha/norsk:Tysdag 3. oktober 1315- 1600	Veke 40 Måndag eller tysdag	Økt 3 samarbeid LS syklus	Studentar, praksislærer, faglærer	1
Matematikk: måndag 16. oktober  Kuha: Klargjering?		mellomøkt	Studentane arbeider sjølvstendig	1
Matematikk: tysdag 17. oktober  Kuha: 17. Oktober. Refleksjon frå 1315.	Veke 42 Måndag eller tysdag	Gjennomføring /refleksjon	Studentar, praksislærer, faglærer	1
Matematikk: onsdag 25. oktober  onsdag 25. oktober Kuha: Me skriv kvar	Veke 43 måndag eller tysdag	Ny utprøving/refleksjon	Studentar, praksislærer, faglærer	1

for oss, læraarr for seg og studentar for seg.				
<p>Forslag frå matematikk: veke 44: onsdag 1. november.</p> <p>-----</p> <p><b>KUHA ønskjer deling i veke 45, ikkje 44. (altså deling 7.november)</b></p> <p>Kuha: Fellesmøte med studentar, HVL, og praksislærer 31.10 13.15 til 16.00.</p>	Veke 43	Deling av resultat/ På skulen for resten av kullet? Konferanse?	Studentar, praksislærer, faglærer og inviterte	1